

Bodil

Myking 12.9.14

REFERAT FRÅ FORELDREMØTE I 3.KLASSE

8. SEPTEMBER 2014

Tilstades: Torill Tveranger, Remi Rognaldsen, Erlend og Eirene Kleiveland, Aina Knarvik og Anca Popovici. Bodil Vabø og Herborg K. Osmundsen.

Bodil innleia møtet med å fortelja om løysinga skulen har valgt for 3.klasse dette skuleåret. Bodil er kontaktlærer for 3. og 4. klasse . Herborg er lærar i matte, norsk og engelsk . Klassane er kvar for seg i norsk, engelsk og matte. I naturfag, rle, kunst og handtverk, gym og uteskule er 3. og 4.kl. i saman. Torill Myhre er assistent i 3.klasse , og er med i alle timane.

Klassen følgjer same progresjon som 3.kl hadde i skuleåret 2013/14.

Herborg informerte om rutinar og miljøet i klassen .Me har hatt ein god start, der me har jobba mykje med arbeidsro, skulereglar og klassereglar. Det er viktig at de heime og ser på skulereglane , og at de snakkar saman om reglane me har

Me såg på timeplanen og vekeplanen. Elevane får ny vekeplan på måndagane, der er det ein info-rubrikk. Det er viktig å følgje med her. På baksida av planen er det eit spøgjeskjema til ungene , det skal dei fyller ut saman med ein vaksen.

Mat og pauser: Dei fleste dagane ser me at det er for lenge å vente med mat til matfriminuttet, så dei som er svoltne får ta litt av nista i 10-tida.

Me har fokus på det positive:Eit godt arbeidsmiljø, at me er motiverte, at me er vener , og kan seie fine ord til kvarandre. Elevane blir belønna med ei «Gladmelding « når me opplever at dei fortener det. Til dømes : God åtferd, god arbeidsro, ellar at ungene når mål dei har jobba med, både sosialt og fagleg.

Klassen øver på å sitte i ro på plassen, og rekke opp handa når dei vil ha hjelp, eller vil sei noko.

Det blei delt ut ,og me gjekk gjennom aktivitetsplan for skulen, og halvtårsplan for klassen.

Informasjon om faga og satsingsområde.

I matte jobbar me med data og statestikk , tabellar og søylediagram. Klassen har vore ute nokre mattetimar , og samla inn ulike data . Til dømes: Kor mange kvite, blå og raud hus.

Satsingområde ellers i hausthalvåret , sjå Årsplan for 3. klasse.

I norsk jobbar me med lese og skriveferdighet. Bokstavkurs, stavskrift, vokalane og setningar. Det er viktig med lesetrening. Sjå elles Årsplan for 3. klasse.

I engelsk øver me på å snakka engelsk. Me brukar «Flash-cards « og arbeidsbok i Stairs. Elles spelar me spel, og leikar andre leikar som er relatert til kapittelet me arbeider med.

Prosjektveke i veke 40 : Barnekonvesjonen 25 år.

Juleskule i desember : Alf Prøysen sine songar og forteljingar.

Frå kl. 19.00-19.30 var 3. og 4. klase i lag . Bodil viste bilete frå utedag og informerte om fellesfaga.

Referent

Herborg K. Osmundsen